

## Referat frå møte i gjetarhundnemnda

Tid: 8. februar 2018 kl.: 19:30 – 22:30

Stad: Skype

Til stades: Knut Alsaker, Jan Kåre Ravnøy, Kurt Magne Fardal og Odd-Jarle Øvreås

### **Sak 1: Bevis på oppnådd bruksprov.**

Me ynskjer å lage til dette for Sogn og Fjordane. Dette kan lagast på mange måtar. Det enklaste er å lage ein etikett og laminere denne. Elles så kan me bestille plastkort på bankkortstorleik. Kva me vel er avhengig av pris. Odd-Jarle undersøker korleis dei gjer det i Møre og Romsdal.

### **Sak 2: Fylkesmeisterskap 2018.**

Sunnfjord og Ytre Sogn Gjetarhundlag har ansvaret dette året. Det vert første helga i oktober, 6. og 7. på Lunde i Gaular kommune.

Det dei ser føre seg no, er ei to dagars prøve. Klasse 1, 2 og 3 på laurdag og finale på søndag.

### **Sak 3: Utmerking gjetarhund på fylkesårsmøtet i SFSG.**

Fylkesmeister gjetarhund får pokal på fylkesårsmøtet. Det er ny pokal av året som er sett opp av SFSG. Ein må ha 3 napp i pokalen (same førar og hund) for å få han til odel og eige.

### **Sak 4: Søknad om landsprøver (Norgesserien) i 2018**

Nordfjord gjetarhundlag vil søkje om å arrangere semifinale (20. – 21. okt) eller finale (27. – 28. okt). Odd-Jarle sender inn søknad frå Sogn og Fjordane på dette.

### **Sak 5: Søknad om å arrangere Norsk Nursery eller Nordisk Nursery i 2018.**

Sogn og Fjordane søkjer ikkje om dette.

### **Sak 6: Søknad om å arrangere NM i 2019 eller seinare**

Det er ikkje aktuelt for Sogn og Fjordane å søkje for 2019. Leiarane i lokallaga sonderer interessa i laga sine for om ein skal søkje for 2020. Frist for tilbakemelding til Odd-Jarle er 1. april. Dersom lokallaga er positive tek Odd-Jarle saka med seg til fylkesstyret. Dette er eit så stort arrangement at lokallag ikkje kan ta det på seg åleine.

### **Sak 7: Uttaksreglar til NM frå Sogn og Fjordane.**

Gjeldande reglar vart sendt til NSG i 2015. Det vart då sagt at desse skulle gjelde i 5 år. Nemnda meiner ein bør halde på dette og så ha ei evaluering når desse 5 åra er gått. Dvs. etter 2019 sesongen.

### **Sak 8: Team Sogn og Fjordane**

Jakkene ein har fått laga er for alle medlemer i gjetarhundlaga. Framover ynskjer ein å ta opp tingingar ein gong i året. I år set ein frist til 1. aug. Seinare ynskjer ein å ha tingsfrist 1. mars. Det er då naturleg at ein tek imot tingingar i laga i samband med årsmøta.

Vidare ynskjer me å satse på samlingar i team Sogn og Fjordane framover. Me prøver å få til ei samling i starten av august dette året. Vidare ynskjer nemnda i løpet av 2018 å utarbeide ein plan for satsinga framover og evt. søkje om støtte frå SFSG til dette.

**Sak 9: Søkje støtte frå fylkeslaget til arrangering av t.d. fylkesmeisterskap.**

Det var kome inn spørsmål om dette i forkant og leiar hadde drøfta dette med fylkesstyret. Utgangspunktet til fylkesstyret er at eit slikt arrangement skal vere sjølvfinansierande.

**Sak 10: Spørjeundersøking om Norgesserien**

NSG hadde sendt ut ei spørjeundersøking om Norgesserien. Me gjekk gjennom og svarde på denne.

Referent

Odd-Jarle Øvreås